Emnebeskrivelse for JUS265-2-A med endringer

Mål og innhald

Rettsdisiplinen planrett (JUS 265-2-A) gjeld sentrale reglar som er styrande for samfunnsutvikling og arealforvaltning. Kurset føreset grunnleggjande forståing for alminneleg forvaltningsrett og tingsrett. Den sentrale lova i dette kurset er plan- og bygningslova, men emnet skal også gi ein djupare kunnskap om samspelet mellom plan- og bygningslova og forvaltningslova, og samspel mellom offentleg rett og privat rett.

Sentrale emne i kurset er reglane om kva for offentlege organ som har kompetanse til å forvalte arealet (personell kompetanse), framgangsmåten ved handsaming av plansaker og einskildvedtak (prosessuell kompetanse) og i kor stor grad kommunen har kompetanse til å planleggje til bruk og vern av fast eigedom og sjøareal i medhald av denne lova (materiell kompetanse). Vi ser nærare på kva som kan vere innhaldet i ein kommuneplan, reguleringsplan, føresegner og einskildvedtak.

I kurset vert det gjort nokre djupdykk i praktiske og viktige emne. Sentrale emne i kurset er byggjeforbodet i strandsona, dispensasjon og ulovleg bygging. Vidare er utbyggingsavtalar, innløysing og ekspropriasjon, ein del av dette faget. Eit viktig tema er også i kor stor grad kommunen har kompetanse og plikt til å leggje vekt på privatrettslege tilhøve ved arealplanlegging.

Læringsutbyte/resultat

KUNNSKAP

Studenten har djupare kunnskap om planlova som verkemiddel for styring av areal og ressursar, og korleis planlova verkar saman både med andre offentlege lover og prinsipp og reglar for vern av privat eigedomsrett. Dette inneber kunnskap og forståing for:

- plan- og bygningslova sin systematikk
- reglar om tilhøvet mellom kommunal og statleg styring i plansaker, under dette reglar om motsegn
- reglane om sakshandsaming ved planvedtak og konsekvensutgreiing
- dei rettslege styringsverkemidla kommune- og reguleringsplan, og særleg om kva som kan inngå i rettsleg bindande føresegner til dei ulike plantypane
- **reglar om utbyggingsavtale, innløysing og ekspropriasjon**
- tilhøvet mellom forvaltningslov og plan- og bygningslov, og plan- og bygningslov og andre sektorlover
- reglar om søknadsplikt for tiltak
- regelen om byggjeforbodet i 100-metersbeltet og rekkjevidda av heimel til å gi dispensasjon
- reglane om kommunen sin kompetanse og plikt til å ta omsyn til private rettar ved arealplanlegging og einskildvedtak

FERDIGHEIT (DUGLEIK)

Studenten kan bruke juridisk metode og lovfeste og ulovfeste reglar for å lage sjølvstendige drøftingar. Dette inneber:

- å innhente og systematisere rettsleg relevant materiale, og på grunnlag av dette identifisere rettslege problemstillingar og samanhengar

- å føreta ei sjølvstendig analyse av juridiske problemstillingar på grunnlag av det aktuelle rettskjeldebiletet
- å resonnere seg fram til eit fagleg forsvarleg standpunkt gjennom avklaringar av underliggande rettslege og samsfunnsmessige verdiar, og spenningar mellom ulike type gyldige argument

Undervisningssemester

Haust

Vurderingssemester

Haust og vår

Krav til studierett

Særskilt studierett til spesialemne gir ikke tilgang til dette emnet. Det henvises til JUR640 Planrett (SEVU).

Krav til forkunnskapar

Tre års universitets- eller høgskuleutdanning

Tilrådde forkunnskapar

Tre års jusstudie eller landmålarutdanning

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Førelesingar

Frivillig oppgåvekurs

Vurderingsformer

Skuleeksamen

Hjelpemidler til eksamen:

- Se § 3-5 i Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Tillatte særtrykk:

- Særtrykket til plan- og bygningslova

Særregler om ordbøker:

- Man kan iht. studiereglementet ha med seg én rettskrivningsordliste eller ordbok. Merk at ordbøker som for eksempel inneholder *både* norsk-engelsk og engelsk-norsk regnes som én ordbok
- Ordbøker som er til/fra de to *samme språkene* - for eksempel norsk-engelsk/engelsk-norsk -i *to* fysiske bind regnes også som én ordbok. Disse kan ha forskjellig utgiver og/eller være ulike utgaver.
- Ordbok som nevnt ovenfor kan ikke kombineres med andre typer ordbøker
- Kombinasjoner som utgjør *mer enn* to fysiske bind er ikke tillatt.

For øvrig informasjon om hjelpemidler, se de respektive emnesidene og "Utfyllende regler", § 3-5 Hjelpemidler til eksamen: http://www.uib.no/jur/utdanning/reglement-og-prosedyrer/reglement-i-utdanningssaker-ved-det-juridiske-fakultet/utfyllende-regler-for-studier-ved-det-juridiske-fakultet-universitetet-i-bergen

Karakterskala

A-E for stått, F for ikkje stått.

Emneevaluering

I tråd med regningslinjer for evaluering av emner ved Det juridiske fakultet.

Pensum

JUS265-2-A Planrett

Hovudlitteratur:

O.P. Pedersen m.fl, Plan- og bygningsrett, 2010. Heile boka med unntak av kap. 1, kap. 16 pkt. 6, kap. 18 pkt. 5 og 6 og kap. 22.

Børge Aadland, Eigedomsgrenser og avtalefrihet, TfE nr. 3, 2011 (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Ingunn E Myklebust og Sigrid Schütz, Statlege planretningslinjer for forvaltning av strandsona, TfE nr. 2. 2012. (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Ingunn E Myklebust, Kva plikter har staten etter menneskerettane til å ta omsyn til privat eigedomsrett i samband med offentleg arealplanlegging? Søvig, Schütz og Rasmussen (red.), «Undring og erkjennelse, Festskrift til Jan Fridthjof Bernt», Bergen 2013. (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Tore Lunde, Pålegg om stans, opphør eller retting av ulovlige forhold etter plan- og bygningsloven, TfE nr. 2, 2011. (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Knut Fredrik Rasmussen, Utbyggingsavtaler, TfE nr. 4, 2007 (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Marianne Reusch, Tilrettelegging for friluftsliv- mot grunneierens vilje, TfE nr. 3, 2012 (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Tilleggslitteratur:

Einar Bergsholm, Bør eiendomsgrenser være en privatsak eller et offentlig ansvar, TfE nr. 3, 2011 (elektronisk artikkel, Rettsdata)

O.P. Pedersen m.fl, Plan- og bygningsrett, 2010. . Resten av boka som ikkje er hovudlitteratur.

Sigrid Eskeland Schütz, Strategiar i forvalting av marine økosystem, Søvig, Schütz og Rasmussen (red.), «Undring og erkjennelse, Festskrift til Jan Fridthjof Bernt», Bergen 2013 (elektronisk artikkel, Rettsdata).

Backer, Inge Lorange, Innføring i naturressurs- og miljørett, 5. utg. Oslo 2012, kap. I, II, III, VI, VIII, IX

Emnebeskrivelse for JUR640 Planrett – med endringer

Beskrivelse

Kurset vert inndelt i to delar, med til saman tre undervisingsbolkar. Den første delen av kurset, som utgjer den første bolken, består av introduksjon til kurset, rettskjelder, allmenn forvaltningsrett og tingsrett. Den andre delen av kurset, som utgjer dei to siste bolkane, består av ei fordjuping i planrett. Læringsmåla er knytt til dei to ulike delane av kurset.

Mål og innhald

Målet med kurset er å gi ~~deltakarane~~ studentane kunnskap om dei viktigaste rettsreglane ~~for planlegging etter plan- og bygningslova.~~ om forvaltning av areal og ressursar, og dermed setje studentane i stand til å nytte rettslege prinsipp og lover i det daglege verke som arealplanleggjar og offentleg sakshandsamar for areal og miljøsaker. Det vert gitt ein innføring i både privatrettslege og offentlegrettslege reglar, men hovudvekta vert lagt på forvaltningslova og plan- og bygningslova.

~~Studiet vil setje studentane i stand til å nytte rettslege prinsipp og lover i sitt daglege virke som planleggjar eller offentleg sakshandsamar for plansaker.~~

~~**Målgruppe**~~

Målgruppa for studiet er tilsette i kommunar, fylkeskommunar og ~~statlege organ og konsulentar som arbeider med planfag der god kunnskap om aktuelle rettsreglar er viktig.~~ stat som arbeider med planfag, som ikkje er juristar, men som likevel har eit arbeid der god kunnskap om aktuelle rettsreglar er viktig. Då kurset er retta mot studentar utan teoretiske forkunnskapar i jus, er det naudsynt med ein noko kortare introduksjon om alminnelege forvaltningsrettslege reglar og prinsipp og dei grunnleggjande privatrettslege reglane om forvaltning av fast eigedom, før vi kan gå nærare igjennom reglar i spesiallovgivinga. Den sentrale lova i dette kurset er den nye plan- og bygningslova (2008), men det er også eit mål å vise samspelet mellom forvaltningslova og plan- og bygningslova, og samspelet mellom plan- og bygningslova, og m.a. naturmangfoldlova (2008), kulturminnelova, ureningslova, hamnelova og akvakulturlova.

Plan- og bygningslova er den sektorovergripande lova for all arealforvaltning. Det vert gitt ei innføring både i reglar om kva for offentlege organ som har kompetanse til å forvalte arealet (personell kompetanse), framgangsmåten ved handsaming av plansaker og einskildvedtak (prosessuell kompetanse) og i kor stor grad kommunen har kompetanse til å planleggje til bruk og vern av fast eigedom og sjøareal i medhald av denne lova (materiell kompetanse). Vi ser her nærare på kva som kan vere innhaldet i ein kommuneplan, reguleringsplan, føresegner og einskildvedtak. Det blir gitt ei innføring i dei grunnleggjande reglane om fast eigedom, og grenser for fast eigedom.

Temaet i kurset er vidare særlege problemstillingar knytt til strandsone, dispensasjon og ulovleg bygging. Det blir også gjort greie for reglane om utbyggingsavtalar, innløysing og ekspropriasjon. Eit viktig tema er også i kor stor grad kommunen har kompetanse og plikt til å leggje vekt på privatrettslege tilhøve ved arealplanlegging.

Læringsutbyte/resultat

Etter å ha gjennomført kurset skal studenten ha grunnleggjande forståing av alminneleg forvaltningsrett og tingsrett (fast eigedoms rettstilhøve), slik at vedkomande er i strand til å løyse problemstillingar i tilknyting til:

- rettskjeldebilete for planretten
- miljørettslege prinsipp og verknad for planlegging
- forvaltningslova sine grunnleggjande omgrep og systematikk
- reglane om sakshandsaming i forvaltningssaker ved einskildvedtak, under dette m.a. reglar om utgreiingsplikt, vegleiing, varsel og dokumentinnsyn
- reglar i forvaltningslova om grunngjeving, klage, omgjering og ugyldigheit
- reglane som gjeld dei fysiske grensene for fast eigedom og innhaldet i privat eigedomsrett

Vidare skal studenten ha djupare forståing for planjuss, slik at vedkomande er i stand til å løyse problemstillingar knytta til:

- plan- og bygningslova sin systematikk
- reglar om tilhøvet mellom kommunal og statleg styring i plansaker, under dette reglar om motsegn
- reglane om sakshandsaming ved planvedtak og konsekvensutgreiing
- dei rettslege styringsverkemiddla kommune- og reguleringsplan, og særleg om kva som kan inngå i rettsleg bindande føresegner til dei ulike plantypane
- reglar om utbyggingsavtalar, innløysing og ekspropriasjon
- tilhøvet mellom forvaltningslov og plan- og bygningslov, og plan- og bygningslov og andre sektorlover
- reglar om søknadsplikt for tiltak
- regelen om byggjeforbodet i 100-metersbeltet og rekkjevidda av heimel til å gi dispensasjon
- reglane om kommunen sin kompetanse og plikt til å ta omsyn til private rettar ved arealplanlegging og einskildvedtak

Undervisning

Fagleg ansvarleg:

Førsteamanuensis Ingunn Elise Myklebust og førsteamanuensis Sigrid E Schütz

Førelesingar og gruppearbeid.

Obligatoriske aktivitetar: Deltaking i førelesingar og gruppeaktivitetar. Det krevst deltaking på minst seks av ni kursdagar, samt godkjent heimeoppgåve.

1. samling 5. 6. og 7. mai 2015
2. samling 17. 18. og 19. september 2015
3. samling 22. 23. og 24. oktober 2015

Under kurset vert det gjeve ei heimeoppgåve som vert vurdert bestått/ ikkje bestått. Ein må bestå for å få gå opp til eksamen.

Vi tek atterhald om endringar.

Vurdering / eksamen

Skiftleg eksamen: Fredag 13. november 2015 09.00-13.00

Studentar som har bestått alle obligatoriske aktivitetar, men som ikkje har avlagt eller bestått eksamen (ikkje møtt, avbrote eksamen, stryk, eller sjukdomsforfall), får høve til å avlegge kontinuasjonseksamen påfølgande semester. Dersom studenten ikkje avlegg eller ikkje består kontinuasjonseksamen det påfølgande semesteret, fell tidlegare kursgodkjenning bort. Bortfall av kursgodkjenning inneber at studenten må søke nytt opptak til kurset, betale full kursavgift, samt gjennomføre dei obligatoriske arbeidsaktivitetane på nytt for å kunne avlegge eksamen.

Hjelpemidler til eksamen:

- Se § 3-5 i Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Tillatte særtrykk:

- Særtrykket til plan- og bygningslova

Særregler om ordbøker:

- Man kan iht. studiereglementet ha med seg én rettskrivningsordliste eller ordbok. Merk at ordbøker som for eksempel inneholder *både* norsk-engelsk og engelsk-norsk regnes som én ordbok
- Ordbøker som er til/fra de to *samme språkene* - for eksempel norsk-engelsk/engelsk-norsk -i *to* fysiske bind regnes også som én ordbok. Disse kan ha forskjellig utgiver og/eller være ulike utgaver.
- Ordbok som nevnt ovenfor kan ikke kombineres med andre typer ordbøker
- Kombinasjoner som utgjør *mer enn* to fysiske bind er ikke tillatt.

For øvrig informasjon om hjelpemidler, se de respektive emnesidene og "Utfyllende regler", § 3-5 Hjelpemidler til eksamen: http://www.uib.no/jur/utdanning/reglement-og-prosedyrer/reglement-i-utdanningssaker-ved-det-juridiske-fakultet/utfyllende-regler-for-studier-ved-det-juridiske-fakultet-universitetet-i-bergen

Karakterskala

A-E for stått, F for ikkje stått.

Krav til datautstyr

Datamaskin med internettilgang og e-post.

Opptaks- og forkunnskapskrav

Ingen opptakskrav for søkjarar over 25 år. Søkjarar under 25 år må dokumentere generell studiekompetanse.

Undervisningssemester

Undervisninga startar i vårsemesteret og fortsett i haustsemesteret.

Vurderingssemester

Haust

JUS265-2-A Planrett

Hovudlitteratur:

O.P. Pedersen m.fl, Plan- og bygningsrett, 2010. Heile boka med unntak av kap. 1, kap. 16 pkt. 6, kap. 18 pkt. 5 og 6 og kap. 22.

Børge Aadland, Eigedomsgrenser og avtalefrihet, TfE nr. 3, 2011 (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Ingunn E Myklebust og Sigrid Schütz, Statlege planretningslinjer for forvaltning av strandsona, TfE nr. 2. 2012. (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Ingunn E Myklebust, Kva plikter har staten etter menneskerettane til å ta omsyn til privat eigedomsrett i samband med offentleg arealplanlegging? Søvig, Schütz og Rasmussen (red.), «Undring og erkjennelse, Festskrift til Jan Fridthjof Bernt», Bergen 2013. (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Tore Lunde, Pålegg om stans, opphør eller retting av ulovlige forhold etter plan- og bygningsloven, TfE nr. 2, 2011. (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Knut Fredrik Rasmussen, Utbyggingsavtaler, TfE nr. 4, 2007 (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Marianne Reusch, Tilrettelegging for friluftsliv- mot grunneierens vilje, TfE nr. 3, 2012 (elektronisk artikkel, Rettsdata)

Tilleggslitteratur:

Einar Bergsholm, Bør eiendomsgrenser være en privatsak eller et offentlig ansvar, TfE nr. 3, 2011 (elektronisk artikkel, Rettsdata)

O.P. Pedersen m.fl, Plan- og bygningsrett, 2010. . Resten av boka som ikkje er hovudlitteratur.

Sigrid Eskeland Schütz, Strategiar i forvalting av marine økosystem, Søvig, Schütz og Rasmussen (red.), «Undring og erkjennelse, Festskrift til Jan Fridthjof Bernt», Bergen 2013 (elektronisk artikkel, Rettsdata).

Backer, Inge Lorange, Innføring i naturressurs- og miljørett, 5. utg. Oslo 2012, kap. I, II, III, VI, VIII, IX